



# Revisjonsrapport

<b>Rapport</b>		Aktivitetsnummer
Rapporttittel	Rapport etter tilsyn med Gassco si overtaking av operatørskap på Nyhamna landanlegg	
003000028		

<b>Gradering</b>		
<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg	<input type="checkbox"/> Begrenset	<input type="checkbox"/> Strengt fortrolig
<input type="checkbox"/> Unntatt offentlighet	<input type="checkbox"/> Fortrolig	

<b>Innverte</b>	
Hovudgruppe T-Land	Oppgåvæleiar Trond Sundby
Deltakarar i revisjonslaget Kjell Arild Anfinsen, Bryn A Kalberg, Bjørn Andreas Hanson	Dato 18.9.2017

## 1 Innleiing

Petroleumstilsynet (Ptil) gjennomførte ein tilsynsaktivitet med Gassco si overtaking av operatørskap for Nyhamna landanlegg. Tilsynsaktiviteten vart gjennomført med møter og samtalar ved Gassco sitt kontor på Bygnes torsdag 24. august 2017.

## 2 Bakgrunn

Bakgrunnen for aktiviteten er knytt til oppfølging av prosjektet, søknad om samtykke til overtaking og vårt hovudtema for 2017 – ‘trenden skal snus’ der robustheit, standardar og partssamarbeid er trekt fram som viktige føringar.

## 3 Mål

Målet med aktiviteten er å sjå til at Gassco har gjennomført nødvendige aktivitetar og førebuingar før overtakinga av operatørskap på Nyhamna og at prosessen er i henhold til krav om forsvarleg verksemd.

## 4 Resultat

Resultata bygger på møte, samtalar og presentasjonar hjå Gassco. Tema for tilsynsaktiviteten var å belyse det Gassco vurderer som sentrale aktivitetar for forsvarleg overtaking av operatørskap ved allegget der vi blant anna gjekk gjennom tema som organisering, styrande dokumentasjon, erfaringsdeling, kommunikasjon, KPIar og risikostyring.

Tilsynsaktiviteten bestod i å få presentert og intervjuje personell frå Gassco om prosessen for overtaking. Det vart ikkje gjort direkte verifikasjoner i dokumentasjon.

Det vart ikkje identifisert nokre avvik i tilsynsaktiviteten. Det vart heller ikkje identifisert nokre konkrete forbetningsforslag. Vi har nedanfor oppsummert hovudinntrykk etter tilsynet.

Gassco framstod som samkøyrt i prosessen for overtaking av operatørskap. Det vart understreka av fleire kor viktig det var å etablere kontakt med Norske Shell på eit tidleg

tidspunkt, dele informasjon og å klargjere roller og ansvar. Det vart og vist til erfaring frå tidlegare overtakingar og læring frå desse. Gassco framheva det å kunne nytte erfaringar som operatør for ei rekke anlegg som ein stor styrke og nemnte vinterisering, korrosjon under isolasjon og oppfølging av ventilar som eksempel på erfaringar som selskapet har nytta eller kan nytte i erfaringsdelingar med andre..

Gassco har ikkje sjølv gjort ei eiga vurdering av den tekniske integriteten til anlegget. Det vart i tilsynsaktiviteten brukt mykje tid på fasen med å førebu overtakinga og mindre tid på delen som omhandlar drifta av anlegget. Vi vart fortalt at Gassco har ein plan for oppfølging av Nyhamna fram til overtaking, men med lite aktivitetar etter overtakinga. Det var ikkje etablert nokon formell oppfølgingsplan for 2018. Det vart vist til interne planprosessar i Gassco og at dette ville vere på plass i november 2017.

Vi vart vist Gassco sine oppfølgingsaktivitetar så langt. Dei fleste observasjonar frå desse aktivitetane var lukka. Av dei som var opne så var dei av mindre kritisk art.

Det har vore ein prosess med å identifisere skilnader i krav mellom Norske Shell og Gassco. Det er og spesifisert kva krav og dokumentasjon frå Gassco som gjeld for Norske Shell som TSP. Samhandlinga skjer via eit eige Gassco IT-verktøy og ein enkelt kontaktperson i Norske Shell. Det er IT-tekniske utfordringar knytt til kommunikasjon på tvers av brannmurar.

Det pågår og effektiviseringsprosessar i Norske Shell som kan påverke Gassco som operatør for Nyhamna.

Erfaring undervegs i prosessen har vist eit behov for god informasjon til personell på Nyhamna (og i eigen organisasjon), selv om dei ikkje blir direkte berørt av at Gassco tek over operatøransvaret. Det var iverksett tiltak for å dekke dette behovet.

## **5 Observasjoner**

### **5.1 Avvik**

Det vart ikkje identifisert nokre avvik i tilsynsaktiviteten.

### **5.2 Forbedringspunkt**

Det vart ikkje identifisert nokre konkrete forbetningspunkt i tilsynsaktiviteten.

## **6 Deltakarar frå oss**

Trond Sundby	Konstruksjonssikkerheit (oppgåveleiar)
Kjell Arild Anfinsen	Konstruksjonssikkerheit
Bryn A Kalberg	Logistikk og beredskap
Bjørn Andreas Hanson	HMS styring

## **7 Dokument**

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av tilsynet:

- Nyhamna samarbeidsprosedyre Gassco – Norske Shell; Doc no. NSEP03PR10 (Shell), Doc no. AM-1595 (Gassco), Rev. 0 13/07/2017
- Guideline påseplikten Gassco, Doc. no. SH24-BY.PR-03.1601 - Rev. 00, 16.10.2014
- Presentasjon Gassco i møte

### **Vedlegg A**

Oversikt over involvert personell.